

Kløyvd infinitiv

Ja, kva skal ein gjeta om forslaget om å sløyfe kløyvd infinitiv i nynorsk rettskriving. Det meste er vel sagt, for engasjementet er stort, og bra er det, for språknormering bør ein gjete nøye, så det ikkje ber utpå viddene.

Det er vel litt kuriøst, men denne – lett søkte – innleiinga er meint å få fram at kløyvd infinitiv kan vera meiningsbærande. Å gjete i Valdres er noko langt anna enn å gjeta.

Hovudargumentet for kløyvd infinitiv er likevel kjensla av å høyre heime i språket. Som nemnt i utgreiingsarbeidet har avisa «Valdres» brukt kløyvd infinitiv sidan Jostein Pedersen overtok som redaktør sist på 1970-talet. Eg var journalist i avisa på den tida. Styreformann var forfattar og norskdomshovding Knut Hauge. Det var eit klokt val som vart gjort den gongen, og det er like klokt i dag, men no vil nemnda gje avisa og Valdresmusea, der eg no arbeider, eit val mellom to dårlege alternativ: Slutte med kløyvd infintiv og gjera skriftspråket meir framandt, eller halde fram og skrive som før, men då ikkje lenger støtte den offisielle (opplærings-)norma. Ein må vel rekne med at det vil verke forvirrande for elevar i skulen å lære at dei ikkje kan blande infinitivsformer, og så lesa nesten dagleg at avisa (og museet) gjer det, - og det kjennest heilt rett for dei!

Eg forstår at kløyvd infinitiv kan vera vanskeleg å rette, men kontrollargument bør ikkje overstyre. Det er ikkje noko problem for brukarane. Anten har du det i talemålet, og då er(dialektbasert) kløyvd infinitiv enkelt å bruke, eller så kan du sjå bort frå det.

Diskusjonen om kløyvd infinitiv bør ende i det gode, gamle tavleprinsippet:

La stå!

Ingar Ranheim
Konservator